

Dårleg sikt for køyrande på Uskedalsbrua

04.07.2016



Vegitasjonen på elvekanten hindrar sikten for køyrande.

**Med mykje vegetasjon på elvekanten er sikten sterkt redusert ved Uskjedalsbrua.  
Dette gjeld både for køyrande og for dei som syklar. Gangbrua er til god hjelp for gåande.**

Det er Statens Vegvesen som har ansvaret for Fylkesveg 48 gjennom Uskedalen. Mange har merka seg den dårlige sikten ved innkjøring på bruа. Dette gjeld anten ein kjem frå sør eller nord. Brua er smal og det er viktig med god sikt for å kunna sjå om ein skal inn på bruа eller stoppa og venta på motgående trafikk. Arealet på elvekanten er i privat eige, men slik vi ser det, er fri sikt for køyande eit trafikksikringsproblem som må løysast straks av vegstyremaktene.

Det er også svært dårlig sikt i krysset for dei som kjem på den kommunale vegen på Kjærlandssido og skal svevinga ut på Fylkesveg 48.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal